



**Møteprotokoll
for
Utval for drift og utvikling**

Møtedato: 03.06.2014
Møtestad: Meland rådhus - formannskapssalen
Møtetid: 16:00 - 19:50

Utvalet starta møtet med synfaring i samband med UDU.sak 50/2014 og 51/2014.

I sak 53/2014 reiste Per Kristian Holmetun, SP, spørsmål om han var inhabil ved handsaming av saka. Ved avstemming om habilitetsspørsmålet vart det gjort samrøystes vedtak om at Holmetun ikkje er inhabil. Holmetun tok plass att og Rune Skår forlot møtet. Silje Sæterstøl fekk permisjon frå møtet kl 18.15 etter handsaming av UDU.sak 53/2014.

Møtedeltakarar	Parti	Rolle
Rune Skår	SP	Varamedlem
Atle Håtuft	FrP	Utvalsleiar
Ragnar Bratland	H	Nestleiar
Jorunn Signe Brakstad	H	Medlem
Anne Grete Eide	AP	Medlem
Tormod Skurtveit	AP	Medlem
Per Kristian Holmetun	SP	Medlem
Henriette Fennelly	FrP	Medlem
Leif Johnsen	MDG	Medlem
Silje Ingelin Sæterstøl	V	Medlem

Desse møtte frå administrasjonen:
Sektorsjef teknisk Anny Bastesen

Utval for drift og utvikling
16.06.2014

Atle Håtuft
Leiar

Anny Bastesen
protokollfører

Sakliste

Saknr	Tittel
44/2014	Godkjenning av innkalling og sakliste
45/2014	Godkjenning av møtebok
46/2014	Referatsaker
47/2014	Delegerte saker
48/2014	Klage på DNT.VEDTAK 526/13 - Oppføring av bustad på gnr 24 bnr 49, Langeland
49/2014	Klage på dispensasjonsvedtak for opparbeiding av veg til Kårbøneset Gnr/bnr 52/37
50/2014	Klage på avslag om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad datert 06.01.14. Gnr. 5 Bnr. 34 på Fløksand.
51/2014	Klage på DNT.vedtak 61/2014 - avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av to-mannsbustad på Fosse, gbnr 25/35.
52/2014	Reguleringsplan Bergotunet - 4.g. handsaming for Offentleg ettersyn og høyring
53/2014	Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi - 5.g.handsaming - Framlegg til godkjenning
54/2014	Søknad om dispensasjon frå høvesvis plankrav og forbod mot tiltak i 50-metersbeltet mot sjø for oppføring av garasje på Vikebø, gbnr 45/126.
55/2014	Søknad om dispensasjon - riving av eksisterande hytte, oppføring av ny, samt etablering av tilkomstveg, gbnr 42/32 Eikeland.
56/2014	Søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad - Gbnr 49/1, lo
57/2014	STORVILTFORVALTNING - FASTSETJING AV FELLINGSKVOTE 2014

- 58/2014 Søknad om dispensasjon for utlegging av flytebrygge - Gnr 49 bnr 140, lo
- 59/2014 Reguleringsplan E39 over Flatøy - Endring av plan - 1.g.h. for offentlig ettersyn og høyring
- 60/2014 Dispensasjon frå Pbl. § 1-8 100 meter beltet og kommuneplanens arealdel LNF område. Gnr 1 bnr. 405 Flatøy
- 61/2014 GODKJENNING - SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALFØREMÅL I KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL OG FRÅ FORBOD MOT TILTAK I 100-METERSBELTET MOT SJØ FOR RIVING OG GJENOPPFØRING AV HYTTE OG REHABILITERING/UTVIDING AV EKSISTERANDE NAUST PÅ GBNR. 38/23 I MELAND KOMMUNE
- 62/2014 Søknad om dispensasjon frå arealføremål og føresegner i gjeldande reguleringsplan og frå visuelle krav i plan- og bygningslova for oppføring av mellombels skulebygg på gbnr 23/1 på Frekhaug.
- 63/2014 Aktuelle saker

44/2014: Godkjenning av innkalling og sakliste

Behandling:

Silje Sæterstøl ba om permisjon frå møtet frå kl 18.15.

Sak 53/2014 vert handsama som første sak i møtet.

Vedtak:

Innkalling og sakliste vert godkjent. Sak 53/2014 vert handsama som første sak i møtet.

45/2014: Godkjenning av møtebok

Vedtak:

Møtebok for Utval for drift og utvikling frå møte 06.05.2014 vert godkjent.

46/2014: Referatsaker

Vedtak:

Meldingane vert tekne til etterretning.

47/2014: Delegerte saker

Vedtak:

Delegerte saker vert tekne til etterretning.

48/2014: Klage på DNT.VEDTAK 526/13 - Oppføring av bustad på gnr 24 bnr 49, Langeland

Vedtak:

”Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at klagar har kome med nye opplysningar i saka som skulle tilsei at rammeløyve datert 21.01.2014, DNT-sak 526/13, vert omgjort. Klage frå Sagstad skule FAU vert ikkje teke til følge. Det vert vist til saksutgreiinga og vurderinga over som grunngjeving for vedtaket. Saka vert sendt Fylkesmannen i Hordaland for avgjerd.”

49/2014: Klage på dispensasjonsvedtak for opparbeiding av veg til Kårbøneset Gnr/bnr 52/37

Behandling:

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP:

«Utval for drift og utvikling gjev avslag til dispensasjon frå forbodet mot tiltak i LNF-område (landbruk-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel, for bygging av tilkomstveg til Kårbøneset Hyttefelt, gnr 52 bnr 37, i trase vist på kart med målestokk 1:1000, stempla motteke 25.06.2013.

Meland kommune gjev avslag til dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-meters beltet langs sjø og vassdrag. Grunngjeving for avslaget er kommunen sitt ønske om å ivareta kulturlandskapet i enkelte deler av kommunen, hvor dette området tidligere er pekt på som en viktig del av dette. Tiltaket manglende naudsynt samtykke fra grunneigar, samt vil føre til et større inngrep i LNF område og 100-meters belte langs sjø og vassdrag er også vektlagt.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt»

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP, fekk 2 røyster for, 6 i mot (Frp, H, AP) og fall.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 6 røyster for, 2 i mot (MDG, SP) og er såleis vedteke.

Vedtak – mot 2 røyster:

«Utval for drift og utvikling kan ikkje sjå at klagarane har kome med nye opplysningar i saka som skulle tilsei at løyve datert 11.03.14 for eigedomen gnr. 52 bnr. 37 i UDU.sak 19/2014 vert omgjort. Klage mottatt 02.04.14 vert derfor ikkje teke til fylgje.

Vedtak datert 11.3.2014 i sak 19/2014 oppretthaldast.

Saka vert med dette oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd.

Grunngjevinga går fram av saksutgreiinga.»

50/2014: Klage på avslag om bruksendring frå fritidsbustad til heilårsbustad datert 06.01.14. Gnr. 5 Bnr. 34 på Fløksand.

Behandling:

Utvalet var på synfaring før vedtak vart fatta.

Framlegg til vedtak i møtet:

«Utval for drift og utvikling viser til innkomen klage når det gjeld avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for bruksendring av fritidsbustad til bustad, og finn etter synfaring at det er kome fram opplysningar/moment som gjev grunn til å endra på vedtak datert 06.01.14 i historisk sak 13/1021, ny sak 14/593:

- Bruksendring vil ikke påvirke bruk av LNF område, heller ikke være til hinder for bruk/tilkomst til sjø (100metersbelte).
- Omsynet til landbruket, natur, miljø og frilluftsliv vil heller ikke bli råka.
- Eiendomen er allerede utbygd, og vil heller ikke utgjøre noen endring av kvaliteter i landskapet.
- Infrastruktur er allerede utbygd i området og boligen har vann og kloakk løsning som er dimensjonert for bruksendring

Klagen vert derfor teken til fylgje.

Administrasjonen sitt vedtak i saken datert 06.01.14 vert oppheva.

Saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen for vurdering av om dei vil nytte klageretten sin. «

Framlegg til vedtak i møtet fekk 8 røyster for (Frp, H, AP, MDG og SP) og er såleis vedteke.

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 0 røyster for og fall.

Vedtak:

«Utval for drift og utvikling viser til innkomen klage når det gjeld avslag på søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel for bruksendring av fritidsbustad til bustad, og finn etter synfaring at det er kome fram opplysningar/moment som gjev grunn til å endra på vedtak datert 06.01.14 i historisk sak 13/1021, ny sak 14/593:

- Bruksendring vil ikke påvirke bruk av LNF område, heller ikke være til hinder for bruk/tilkomst til sjø (100metersbelte).
- Omsynet til landbruket, natur, miljø og frilluftsliv vil heller ikke bli råka.
- Eiendomen er allerede utbygd, og vil heller ikke utgjøre noen endring av kvaliteter i landskapet.
- Infrastruktur er allerede utbygd i området og boligen har vann og kloakk løsning som er dimensjonert for bruksendring

Klagen vert derfor teken til følgje.

Administrasjonen sitt vedtak i saken datert 06.01.14 vert oppheva.

Saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland, Hordaland Fylkeskommune og Statens vegvesen for vurdering av om dei vil nytte klageretten sin.

51/2014: Klage på DNT.vedtak 61/2014 - avslag på søknad om dispensasjon for oppføring av to-mannsbustad på Fosse, gbnr 25/35.

Behandling:

Utvalet var på synfaring før møtet starta.

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP:

«Utval for drift og utvikling viser til innkomen klage når det gjeld avslag på søknad om dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen sin arealdel, og finn etter synfaring at det er kome fram opplysningar/moment i klaga som gjev grunn til å endra på vedtak datert 24.03.14 i sak 14/922:

- Området er ikke egnet for landbruk, og tiltaket vil heller ikke komme i konflikt med eksisterende landbruk.
- Videre vil det bli etablert felles løsning for renovasjon og distribisjon av post.
- En vil også få opparbeidet leikeareal til felles bruk for området.
- Kommunalt vann og kloakkløsning er klart frem til tomten.
- Området som i dag er farlig for leik, vil bli sikra.

Klagen vert derfor teken til følgje for ei bustadeining.

Administrasjonen sitt vedtak i saken datert 24.03.14 vert oppheva.

Saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune for vurdering av om dei vil nytte klageretten sin. «

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 3 røyster for, 5 i mot (Frp, AP, SP) og fall.

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP, fekk 5 røyster for, 3 i mot (H, MDG) og er såleis vedteke.

Vedtak – mot 3 røyster:

«Utval for drift og utvikling viser til innkomen klage når det gjeld avslag på søknad om dispensasjon frå LNF føremålet i kommuneplanen sin arealdel, og finn etter synfaring at det er kome fram opplysningar/moment i klaga som gjev grunn til å endra på vedtak datert 24.03.14 i sak 14/922:

- Området er ikke egnet for landbruk, og tiltaket vil heller ikke komme i konflikt med eksisterende landbruk.
- Videre vil det bli etablert felles løsning for renovasjon og distribusjon av post.
- En vil også få opparbeidet leikeareal til felles bruk for området.
- Kommunalt vann og kloakkledning er klart frem til tomten.
- Området som i dag er farlig for leik, vil bli sikra.

Klagen vert derfor teken til følgje for ei bustadeining.

Administrasjonen sitt vedtak i saken datert 24.03.14 vert oppheva.

Saka vert oversendt Fylkesmannen i Hordaland og Hordaland Fylkeskommune for vurdering av om dei vil nytte klageretten sin. «

52/2014: Reguleringsplan Bergotunet - 4.g. handsaming for Offentleg ettersyn og høyring

Behandling:

Framlegg til tillegg til vedtak i møtet:

Framlegg til vedtak som administrasjonen, men med tillegg av «men med endring av føresegnene § 3.1 pkt 2 til:opparbeidd parkering for min 2 bilar pr bueining.»

Administrasjonen sitt framlegg til vedtak med tilleggsframlegget i møtet vart samrøystes vedteke (Frp, H, AP, MDG, SP)

Vedtak:

Utval for drift og utvikling legg endra framlegg til reguleringsplan for Bergotunet, planid 1256 2011 0002, ut på nytt offentleg ettersyn og høyring i medhald av plan- og bygningslova § 12-10, jf plankart av 300414 og føresegner av 210514, men med endring av føresegnene § 3.1 pkt 2 til:opparbeidd parkering for min 2 bilar pr bueining.»

53/2014: Reguleringsplan Hoplandsdalen Jorddeponi - 5.g.handsaming - Framlegg til godkjenning

Behandling:

Per Kristian Holmetun, SP, stilte spørsmål om han er ugild fordi hans far leverte merknad til reguleringsframlegget ved 1. gongs utlegging til offentlig ettersyn. Far hans har ikkje levert merknad til planen ved 2. gongs utlegging til offentlig ettersyn. Holmetun forlot møtet og varamann Rune Skår tok plass.

Ved røysting om habilitetsspørsmålet vart det gjort samrøystes vedtak om at Per Kristian Holmetun ikkje er ugild. Holmetun tok plass att og Rune Skår forlot møtet.

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG:

Meland kommune er i ferd med å utarbeide ny kommuneplan. UDU finn det derfor rettast at store tiltak som dette deponiet ikkje vert vedteke før kommuneplanen er ferdig og ein har ein heilskapleg plan for denne type arealbruk i kommunen.

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP:

Meland kommunestyre avslår framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med plankart datert 02.10.2013, føresegner datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring. Dette med bakgrunn i de negative konsekvenser som tiltaket vil ha for nærmiljøet, både med tanke på støv og støyproblematikk, økt trafikk (ulykkesfare) i tilknytning til barnehage/skuleveg, samt usikkerheten rundt de miljømessige farene et deponi vil medføre for nærmiljøet og kulturområde Holmeknappen.

Avrøysting:

Framlegg til vedtak frå Per Kristian Holmetun, SP, fekk 4 røyster for, 5 røyster mot, (H, 1 Frp, 1 AP, MDG) og fall.

Framlegg til vedtak frå Leif Johnsen, MDG, fekk 3 røyster for (MDG, SP, V), 6 røyster mot (H, FrP, AP), og fall.

Adminstrasjonen sitt framlegg til vedtak fekk 5 røyster for, (1 FrP, 2 AP, 2 H), 4 røyster mot (1 FrP, V, MDG, SP), og er såleis vedteke.

Tilleggsframlegget i møtet vart samrøystes vedteke.

Framlegg til vedtak – mot 4 røyster:

Meland kommunestyre godkjenner i medhald av pbl § 12-12 framlegg til reguleringsplan for Hoplandsdalen jorddeponi med planID 1256 2009 0003 med planlankart datert 02.10.2013, føresegnar datert 22.05.2014 og tilhøyrande planskildring.2, men med endring av føresegnene § 2.4 punkt 4 til: "Endeleg driftstider vert fastsett i utbyggingsavtale."

Protokolltilførsel i møtet:

Følgjande elementer må drøftast vidare i samband med utbyggingsavtalen:

- Åpningstid for levering og arbeid i anlegget
- Antal lass per dag
- Etterkontroll av støy ved faktisk måling
- Fysiske skiller mellom fortau og kjørebane
- Innmelding av målte verdier for avrenning etter fastsatt intervall
- Rett til revurdering av omfang, frekvenser, åpningstid, drift mm etter en viss tids drift mm og seinere
- Antall driftsår totalt

54/2014: Søknad om dispensasjon frå høvesvis plankrav og forbod mot tiltak i 50-metersbeltet mot sjø for oppføring av garasje på Vikebø, gbnr 45/126.

Vedtak:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå kommuneplanen sitt krav om reguleringsplan for oppføring av garasje på gbnr. 45/126 i samsvar med søknad og støtteskriv innstempla høvesvis 3. og 27.1.2014, jf. pbl. §§ 11-6.

For same tiltak og med same heimel gir Utval for drift dispensasjon frå kommuneplanen sitt forbod mot byggjetiltak i 50-metersbeltet langs sjø og vassdrag.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det er godkjent etter pbl. kap. 20.

Dispensasjonane fell vekk dersom desse ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. § 21-9.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

55/2014: Søknad om dispensasjon - riving av eksisterende hytte, oppføring av ny, samt etablering av tilkomstveg, gbnr 42/32 Eikeland.

Vedtak:

«Utval for drift og utvikling gjev i medhald av plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-metersbeltet langs sjø og vassdrag for riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte på gnr. 42, bnr. 32, samt bygging av tilkomstveg over gnr. 42, bnr. 4 og inn på gnr. 42, bnr. 32.

Utval for drift og utvikling gjev i medhald av pbl § 19-2 og 11-6 dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) for bygging av veg over gnr. 42, bnr. 4 fram til gnr. 42, bnr. 32.

Utval for drift og utvikling gjev i medhald av pbl § 19-2 dispensasjon frå føresegn om plankrav for området i kommuneplanen sin arealdel for riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte på gnr. 42, bnr. 32.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det er godkjent etter pbl kap. 20.

Dispensasjonen fell bort etter tre år dersom den ikkje vert nytta, jfr. Pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jfr vedlagte skjema.

56/2014: Søknad om dispensasjon for oppføring av einebustad - Gbnr 49/1, lo

Vedtak:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel, for oppføring av nytt våningshus på gnr 49 bnr 1, jf søknad og situasjonskart motteke 24.2.14.

Utval for drift og utvikling gjev i medhald av pbl § 19-2 dispensasjon for forbod mot tiltak i 100-meters beltet langs sjø og vassdrag, jf søknad motteke 14.3.14.

Utval for drift og utvikling gjev samtykke til omdisponering av innmarksbeite til bustadføre mål, jf jordlova § 9, 2. ledd.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det er godkjent etter pbl kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jfr. pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

57/2014: STORVILTFORVALTNING - FASTSETJING AV FELLINGSKVOTE 2014

Vedtak:

”Utval for drift og utvikling syner til administrasjonen si saksutgreiing og vurdering og fastset fellingskvoten for hjort i Meland kommune i 2014 til 196 dyr.

Løyva skal gjevast som kjønns- og aldersbestemte dyr. Dette gjeld ikkje dei valda som har avskytingsavtale med kommunen.

Vedtaket har heimel i §§ 9 og 18 i viltlova.”

58/2014: Søknad om dispensasjon for utlegging av flytebrygge - Gnr 49 bnr 140, lo

Vedtak:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) §§ 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) i kommuneplanen sin arealdel, for utlegging av flytebrygge og landgang på gnr 49 bnr 140, jf søknad motteke 11.2.2014 og situasjonskart motteke same dato.

Utval for drift og utvikling gjev med heimel i pbl § 19-2 dispensasjon frå forbod mot tiltak i 100-meters beltet langs sjø for same tiltak.

Tiltaket kan ikkje gjennomførast før det er gjeve løyve etter pbl kap 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jf pbl § 21-9.

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.»

59/2014: Reguleringsplan E39 over Flatøy - Endring av plan - 1.g.h. for offentlig ettersyn og høyring

Vedtak:

Utval for drift og utvikling vedtek å leggje framlegg til endring av reguleringsplan for E39, planid 1256 2011 0007, ut til eit avgrensa offentlig ettersyn og høyring til direkte berørte parter, jf plan- og bygningslova § 12-10. Endringa er vist på plankart datert 10.03.2014.

60/2014: Dispensasjon frå Pbl. § 1-8 100 meter beltet og kommuneplanens arealdel LNF område. Gnr 1 bnr. 405 Flatøy

Vedtak:

«Utval for drift og utvikling godkjenner med heimel i plan- og bygningslova (pbl) § 19-2 og 11-6, søknad om dispensasjon frå forbod mot tiltak i LNF-område (landbruks-, natur- og friluftsområde) og FFNF-område (fiske, ferdsel, natur og friluftsliv) i kommuneplanen sin arealdel, for å byggje opp att den gamle kaien, samt oppføre gangveg/stilas-fundament framfor notebua (alternativ 2), gnr.1 bnr.405 på Flatøy. Tiltaket er vist i vedlegg E3, E4, D3, D4 til søknad stempla motteke 07.01.14.

Utval for drift og utvikling gjev i medhald av pbl. § 19-2 dispensasjon for forbod mot tiltak i 100-meters beltet langs sjø og vassdrag.

Dispensasjon for kaianlegget vert gjeve på vilkår av at det vert gjeve løyve etter havne- og farvannslova.

Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det er godkjent etter pbl kap. 20.

Dispensasjonen fell vekk etter tre år dersom den ikkje er nytta, jfr. pbl § 21-9.

For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiing og vurdering ovanfor.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

Vedtaket kan påklagast etter Forvaltningslova § 28, jf vedlagte skjema.

61/2014: SØKNAD OM DISPENSASJON FRÅ AREALFØREMÅL I KOMMUNEPLANEN SIN AREALDEL OG FRÅ FORBOD MOT TILTAK I 100-METERSBELTET MOT SJØ FOR RIVING OG GJENOPPFØRING AV HYTTE OG REHABILITERING/UTVIDING AV EKSISTERANDE NAUST PÅ GBNR. 38/23 I MELAND KOMMUNE

Vedtak:

«Utval for drift og utvikling gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå både rettsverknadene til kommuneplanen sin arealdel (arealføremålet LNF) og det generelle forbodet i pbl. § 1-8 mot byggjetiltak i 100-metersbeltet langs sjø, for riving av eksisterande hytte og oppføring av ny hytte på gbnr. 38/23 i Meland kommune. Dispensasjonar vert gitt i samsvar med søknad innstempla 14.2.2014, men likevel på følgjande vilkår:

- 1) Den nye hytta skal ha ein maksimal storleik på 120 m² bruksareal (BRA),
- 2) Hytta skal ha tilnærma same plassering som eksisterande hytteog topp mønehøgde skal ikkje i kotehøgde overstige mønehøgda til eksisterande hytte (+9,9moh.).

Med same heimel gir Utval for drift og utvikling dispensasjon frå både rettsverknadene til kommuneplanen sin arealdel (arealføremålet LNF) og det generelle forbodet i pbl. § 1-8 mot byggjetiltak i 100-metersbeltet langs sjø, for rehabilitering og utviding av eksisterande naust på gbnr. 38/23.

Dispensasjonar vert gitt i samsvar med søknad innstempla 14.2.2014, men likevel på følgjande vilkår og med slike presiseringar:

- 1) Mønehøgda til naustet skal ikkje overstige 5,5m,
 - 2) Naustet skal ikkje innreiast slik at det vert egna for varig opphald (overnatting) eller til anna bruk ennopplag for båt med tilhøyrande reiskapar. Sanitærrom i naust vert ikkje tillate,
 - 3) Naustet skal utformast med tradisjonelle naustdørar i samsvar med lokal byggjeskikk.
- For grunngjevinga av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga over. Byggjetiltaka kan ikkje setjast i verk før det er gitt naudsynt byggjeløyve i samsvar med pbl. kap. 20. Dispensasjonane fell bort dersom desse ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. §21-9.» Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

62/2014: Søknad om dispensasjon frå arealføremål og føresegner i gjeldande reguleringsplan og frå visuelle krav i plan- og bygningslova for oppføring av mellombels skulebygg på gbnr 23/1 på Frekhaug.

Vedtak:

”Utval for drift og utvikling (UDU) gir i medhald av Plan- og bygningsloven (pbl.) § 19-2 dispensasjon frå gjeldande arealføremål med tilhøyrande planføresegn §5 i Reguleringsplan for Frekhaug senter/vest, for utføring av grunnarbeid og oppføring av mellombels modulbygg til undervisningsføremål på gbnr. 23/1, i samsvar med søknad m/ vedlegg motteke 16.4.2014, jf. pbl. §§ 11-6.

For same tiltak og med same heimel gir UDU dispensasjon frå gjeldande krav til visuell utforming i høvesvis pbl. § 29-2 og planføresegn § 2 bokstav a, for oppføring av eit mellombels modulbygg i samsvar med kart og teikningar vedlagt nemnde søknad.

Dispensasjonane vert gitt på følgjande vilkår og med følgjande presiseringar:

1) Innan byggjeløyve vert gitt må ansvarleg søkjar sende inn ein situasjonsplan som viser ei forsvarleg løysing for tilkomst, parkering og leike- og uteopphaldsareal som er tilpassa både trafikkauka som følgje av tiltaket, talet på nye tilsette og elevar, og alderen til elevane.

2) Med unntak av gitte dispensasjonar i høve til arealformål og visuelle utforming skal tiltaket prosjekterast og utførast i samsvar med føresegner gitt i eller i medhald av Plan- og bygningsloven.

3) Dispensasjonane vert gitt mellombels og gjeld fram til 31.8.2017. Innan utgongen av denne fristen skal modulbygget vere fjerna i samsvar med søknad som skal godkjennast forut for riving.

4) Tiltaket kan ikkje setjast i verk før det er godkjent etter pbl. kap. 20.

5) Dispensasjonane fell vekk dersom desse ikkje er nytta innan tre år, jf. pbl. § 21-9. For grunngjeving av vedtaket vert det vist til saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.»

Gebyr for sakshandsaming følgjer vedlagt.

63/2014: Aktuelle saker

Følgjande tema vart teke opp:

- Vegetasjon i undergang på Flatøy.
 - Tidlegare saker fins ikkje på nett lenger, det gjer det vanskeleg å samanlikne ei sak med liknande saker.
 - Det er vanskeleg å søke opp saker, søkemotorane synes å vere lite fleksible.
 - Ønskjer opplæring i korleis ein skal gå fram for å finne saker på nett i det nye systemet. Arbeidet vert utført på kveldstid og administrasjonen er ikkje tilgjengeleg for hjelp.
-